# SV set miljøet fyrst!



Ulike menneske
**like sjansar**


# SV set miljøet fyrst!



Ulike menneske
**like sjansar**

# SV set miljøet fyrst!

**Klimakrisa er den største utfordringa i vår tid. Klimaendringane er allereie her, og dei fattigaste i verda blir råka hardast. Vi står framfor eit avgjerande val for framtida.**

SV meiner den rike oljenasjonen Noreg har eit særskild ansvar for å bidra i kampen mot klimaproblema. Difor er vi villige til å gjennomføre tøffe klimatiltak.

Klimaproblema gjev oss òg nye sjansar. Vi kan løyse både klimakrisa og finanskrisa ved å skape nye, miljøvenlege arbeidsplassar over heile landet. SV vil utvikle Noreg til eit miljøvenleg samfunn. Vi vil satse på fornybar energi som vindkraft og bioenergi, byggje jernbane og utvikle ny miljøteknologi.

**Inga oljeboring i Lofoten og Vesterålen!**
Kampen om oljeboring i Lofoten og Vesterålen er den fyrste store testen på om vi set miljøet fyrst. Områda utanfor Lofoten og Vesterålen er mellom dei vakraste og mest ressursrike områda i Noreg. Dei er òg fødestove for den største torskeførekomsten i verda. Eit stort oljeutslepp i desse sårbare havområda vil gje katastrofale skadar på miljøet. Samstundes krev klimaproblema at vi pumpar opp mindre olje og i staden satsar på miljøvenleg energi.

**Sats på tog og kollektivtransport!**
Skal vi løyse klimaproblema, må vi flytte trafikken frå veg til bane. SV prioriterer tog og kollektivtransport framfor nye, dyre motorvegar. Kollektivtilbodet må bli betre og rimelegare. Vi vil òg få på plass høgfartstog som kan konkurrere med flyet.

I eit land som Noreg vil mange likevel vere avhengige av bil. SV vil forby sal av nye bilar som berre kan køyre på bensin innan 2015. I staden vil vi gjere det rimelegare å velje bilar som kan køyre på elektrisitet eller anna miljøvenleg drivstoff. SV vil prioritere trafikktryggleik og vedlikehald av farlege vegar i distrikta, framfor nye vegutbyggingar i sentrale strok.

**Ta vare på naturen!**
Vi har eit stort ansvar for å ta vare på den unike naturen i Noreg. I dag er 2000 plante- og dyreartar i Noreg trua. Difor har SV fått gjennomslag for ei lov om naturmangfald som tryggjar all natur.

SV vil halde fram med arbeidet for å verne verdfull natur og tryggje trua artar. Allemannsretten og tilgangen til strandsona må bli sikra, slik at alle får rett til friluftsliv og gode naturopplevingar.

**VIL DU BLI MEDLEM?** For å bli medlem i SV,
send medlem [namn og adresse] til 1938,
eller ring 21 93 33 00
SVs nettsider: www.sv.no
E-post: post@sv.no


# SV set miljøet fyrst!

**Klimakrisa er den største utfordringa i vår tid. Klimaendringane er allereie her, og dei fattigaste i verda blir råka hardast. Vi står framfor eit avgjerande val for framtida.**

SV meiner den rike oljenasjonen Noreg har eit særskild ansvar for å bidra i kampen mot klimaproblema. Difor er vi villige til å gjennomføre tøffe klimatiltak.

Klimaproblema gjev oss òg nye sjansar. Vi kan løyse både klimakrisa og finanskrisa ved å skape nye, miljøvenlege arbeidsplassar over heile landet. SV vil utvikle Noreg til eit miljøvenleg samfunn. Vi vil satse på fornybar energi som vindkraft og bioenergi, byggje jernbane og utvikle ny miljøteknologi.

**Inga oljeboring i Lofoten og Vesterålen!**
Kampen om oljeboring i Lofoten og Vesterålen er den fyrste store testen på om vi set miljøet fyrst. Områda utanfor Lofoten og Vesterålen er mellom dei vakraste og mest ressursrike områda i Noreg. Dei er òg fødestove for den største torskeførekomsten i verda. Eit stort oljeutslepp i desse sårbare havområda vil gje katastrofale skadar på miljøet. Samstundes krev klimaproblema at vi pumpar opp mindre olje og i staden satsar på miljøvenleg energi.

**Sats på tog og kollektivtransport!**
Skal vi løyse klimaproblema, må vi flytte trafikken frå veg til bane. SV prioriterer tog og kollektivtransport framfor nye, dyre motorvegar. Kollektivtilbodet må bli betre og rimelegare. Vi vil òg få på plass høgfartstog som kan konkurrere med flyet.

I eit land som Noreg vil mange likevel vere avhengige av bil. SV vil forby sal av nye bilar som berre kan køyre på bensin innan 2015. I staden vil vi gjere det rimelegare å velje bilar som kan køyre på elektrisitet eller anna miljøvenleg drivstoff. SV vil prioritere trafikktryggleik og vedlikehald av farlege vegar i distrikta, framfor nye vegutbyggingar i sentrale strok.

**Ta vare på naturen!**
Vi har eit stort ansvar for å ta vare på den unike naturen i Noreg. I dag er 2000 plante- og dyreartar i Noreg trua. Difor har SV fått gjennomslag for ei lov om naturmangfald som tryggjar all natur.

SV vil halde fram med arbeidet for å verne verdfull natur og tryggje trua artar. Allemannsretten og tilgangen til strandsona må bli sikra, slik at alle får rett til friluftsliv og gode naturopplevingar.

**VIL DU BLI MEDLEM?** For å bli medlem i SV,
send medlem [namn og adresse] til 1938,
eller ring 21 93 33 00
SVs nettsider: www.sv.no
E-post: post@sv.no